

i Informasjon

Heimeeksamen i RETKOM1102 2020 HAUST

Varighet: (4 timar)
17. desember kl. 09:00 til 13:00

Eksamen består av 3 oppgaver som alle skal svarast på.

Du kan svara på norsk, dansk eller svensk. Forventa omfang på svara står i sjølve oppgåvestekstane.

For val av målform (bokmål/nynorsk): Bruk menyen oppe i høgre hjørne.

Det er autolagring kvart 15. sekund. Du kan når som helst navigere mellom dei ulike oppgåvene, men du må svare på kvar oppgave under riktig oppgavenummer.

Ved eksamenslutt blir oppgavesvara lasta opp automatisk og blir levert til sensur. Etter å ha starta prøva, ser du kor lang tid du har igjen oppe til venstre.

Om du ønsker å trekke deg undervegs, trykk på ikonet i høgre hjørnet for å få opp valet "eg vil trekke meg".

Sitat- og kjeldebruk

Det er viktig at du set deg inn i reglane for sitat- og kjeldebruk:
<https://www.hf.uio.no/studier/ressurser/kilder/index.html>.

På korte digitale heimeeksamenar (4 timar) er det ikkje krav om litteraturliste på slutten av oppgavesvaret. Dersom du brukar andre sitt materiale i oppgavesvaret ditt utan å opplyse om dette, kan det bli rekna som fusk eller forsøk på fusk. Fusk kan få alvorlege konsekvensar for deg som student. For meir informasjon sjå <https://www.uio.no/studier/eksamen/kildebruk/>

Kontaktinformasjon

Dersom du har tekniske problem med Inspira eller har andre spørsmål, ring 22 84 10 70.

Dersom du har faglege spørsmål, ring faglærer (Eirik Vatnøy) på telefon 41407964 (NB! BERRE dei 2 første timane av eksamen).

Lykke til!

1 Oppg. 1

Oppgave 1:













I dokumentet til venstre (og vedlagt) finn du ein transkripsjon av talen Bent Høie heldt til norsk ungdom 27. april på Regjeringas pressekonferanse om koronasituasjonen (vedlegg 1). Pressekonferansen vart strømmma på Regjeringa sine nettsider og kringkasta av NRK og TV2.

Svar på begge spørsmåla (**til saman maks 400 ord**).

- Gjer greie for den retoriske situasjon til talen med utgangspunkt i Lloyd Bitzers teori om retoriske situasjonar.
- Gjer greie for kva sjanger talen har med utgangspunkt i retorisk sjangerteori.

[Vedlegg 1 Bent Hoie tale til ungdomen](#)

Skriv svaret ditt her...

Format | **B** | *I* | U | x_2 | x^2 | I_x |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  | 

Words: 0/400

Maks poeng: 10












2 Oppg. 2

Oppgave 2:

Gjør kort greie for dei samtaleanalytiske omgrepa *sekvens* og *reparasjon*. Analyser den følgjande sekvensen (se vedlegg 2 Samtaleutdrag) med utgangspunkt i sekvensstruktur og reparasjon (**maks 300 ord**).

[Vedlegg 2 Samtaleutdrag](#)

Skriv svaret ditt her...

Format | **B** | *I* | U | x_2 | x^2 | I_x |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  | ABC | 

Words: 0/300

Maks poeng: 10

3 Oppg. 3













Oppgave 3:

Tekstane i dokumentet til venstre (vedlegg 2) er henta frå partia Fremskrittspartiet og Rødt sine Facebook-sider. Begge dei multimodale tekstane er lagt ut 25. november, FN's dag for avskaffing av vald mot kvinner.

Svennevig (2020, s. 194) skriv at "[u]like betegnelser og måter å snakke om saksforhold på er med på å skape ulike virkelighetsbilder". Kva bilete av verkelegheita skapar partia ved si framstilling av saksforholdet i desse multimodale tekstane? Korleis står det verbalspråklege i forhold til dei multimodale tekstane som heilskap? **(maks 800 ord.)**

[Vedlegg 3 Frp & Rodt](#)


Skriv svaret ditt her...

Format | **B** | *I* | U | x_2 | x^2 | I_x |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  | 

Words: 0/800

Maks poeng: 10

Question 1
Attached



Vedlegg 1: *Bent Høies tale til ungdommen (27.04.2020)*

Vi gler oss alle over at dei minste får kome tilbake på skulen. Men eg vil gjerne snakke litt om dei største. Dei som framleis må vente og lengte. Eg vil gjerne seie til ungdomane våre at vi ikkje har gløymt dei!

Målet vårt er at dei skal kome tilbake til skulen før sommaren. Det er mange som har blitt takka for innsatsen denne tida. No er det på høg tid at vi takkar ungdomane våre.

Dei har ofra mykje.

Den siste tida har mange vaksne vore fortvila over hytteforbodet og frustrerte over heimekontoret. Det forstår eg godt! Men hytta ligg jo heilt i ro og ventar på deg. Jobben er omlag som før når du vender tilbake.

Slik er det ikkje når du er ung.

Våren du fyller 14 ligg ikkje i ro og ventar på at du skal kome. Det er ikke mogleg å vende tilbake til sommaren då du var 17. Russetida kan ikkje spelast på repeat.

Vi som er vaksne snakkar om neste sommar. Men neste sommar er for middelaldrande menn som kjøper karbonadedeig og dopapir på tilbod. Neste sommar finst ikkje når du er ung.

Når du er ung bryr du deg berre om det som skal skje i dag og i morgon. Du drøymmer om det som skal skje denne sommaren og denne våren. Du drøymmer om fotballcupen der du skal score mål som ingen har sett maken til. Du drøymmer om klasseturen der du skal ta mot til deg og flørte med klassens søtaste gut. Du drøymmer om skuleballet der du skal danse til langt på natt i den dyre kjolen du måtte mase eit år for å få. Du drøymmer om russetida der du skal feire og feste i den aller feitaste russebussen og den aller finaste russedressen.

Men så kom viruset som knuste alle draumane.

Det blir ingen fotballcup og ingen klassetur. Det blir ikkje noko skuleball og russen har knapt rulla ein meter. I tillegg er det er umogleg å konsentrere seg om heimeundervisinga, fordi foreldra dine snakkar så høgt når dei har Skype-møter med jobben.

Eg skulle gjerne sagt til de som er unge at alt snart blir som før. Men det kan eg ikkje.

Denne våren blir annleis.

Denne sommaren blir annleis.

Dette året blir annleis.

De er ungdomane som må gjere ting annleis. De har sett livet på vent – for at andre skal berge livet.

Eg håpar de kjem til å danse – sjølv om det ikkje blir noko skuleball. Eg håpar de kjem til å score fantastiske mål – sjølv om det ikkje blir nokon fotballcup. Eg håpar de kjem til å flørte med søte gitar og søte jenter – sjølv om det ikkje blir nokon klassetur. Eg håper de får ei feit og fin russefeiring – sjølv om den blir annleis.

Denne tida er spesiell. Eg håpar den kan bli fin likevel.


Tusen takk til alle norske ungdommar.

Spesielt takk til russen 2020, de kjem til å bli hugsa.

Vi er stolte av dykk!

Question 2

Attached



Vedlegg 2: Samtaleutdrag


1 Ida: .h:: em:: det er buss for tog så jeg (.) tror at
2 jæ er hjemme nitten ti?
3 (1.0)
4 Han: hva sier du at du er hjemme,
5 (.)
6 Ida: nitten ti,
7 (0.7)
8 Han: ja. (.) riktig.

Transkripsjonssymboler

(.) Mikropause (under 0.2 sekunder)
(0.3) Pause målt i tidels sekunder
, Jevn intonasjon
ˆ Litt stigende intonasjon
˙ Fallende intonasjon
↑ Skifte til høyere toneleie.
em Trykk
> < Hurtigere tale
h:: Hørbart utpust
ja:: Lydforlengelse

Question 3

Attached





The image shows a Facebook post from the Fremskrittspartiet FrP. The post features a graphic with a woman in the background covering her face and a large hand in the foreground. The text on the graphic reads: "EN ENKLERE HVERDAG" in a red box, "Offeret skal ikke straffes!" in large white letters, and "LIK OG DEL" in smaller white letters. The FrP logo is in the bottom right corner of the graphic.

Fremskrittspartiet FrP ✓
Yesterday at 7:34 AM · 🌐

FrP mener det er den som truer og utøver vold som skal straffes, ikke offeret. Derfor vil vi blant annet sikre mer bruk av omvendt voldsalarm. Er du enig?

EN ENKLERE HVERDAG

Offeret skal ikke straffes!

LIK OG DEL





Rødt ✓

Yesterday at 8:12 AM · 🌐



Dette er et stort samfunnsproblem. Derfor fulgte Rødt oppfordringen fra FNs generalsekretær om å inkludere beskyttelse av kvinner som del av tiltak mot koronapandemien, og foreslo å sikre ekstramidler til arbeid mot vold i nære relasjoner.



Internasjonal dag for avskaffelse

av vold mot kvinner:

**Visste du at
hver fjerde kvinne
har vært utsatt for vold
eller trusler om vold?**

FOTO:
ERIC WARD / UNSPLASH

RØDT.NO